Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Opland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Ringebu.

Emne: Lauving. | Bygdelag: Venabygd.

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen | Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd | G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. Var før årvist for. Nå meire hjelpefor. Mangelen på ~~xpå~~ arbeidshjelp ein viktig årsak til at lauvinga har minka.

2. Tida millom slåttonn og skuronn var den tid ein helst lauva. Men det kunde ein lauva før slåtten og.

3. Ein nytta lauvjarnet eller sigden som det og vart kalla. . Ein kjenner ikkje til bruken av rispalauv.

4. Ein tok både lauv av tre som vart hogde ned og av rotfaste tre. Ein kolla eller stubba trea, slik at ein kunne hogge lauv av dei med visse års millomrom. I slåtte-jorder og hamnehagar var det masse slike kolla tre. Det vart ein eige slags kultur dette her, og det hadde sin verdi å ha slik lauvskog i nærleiken.

5. Lauvet vart anten tørka på bakken eller helst opphengt i trea. Lauvet vart bunde i kjervar. Ein mann skulle hogge 60 kjervar på ein dag, men mange greidde meir. Skogslauv vart sett opp rått i ei lauve. Under ei stor gran helst på eit underlag av kvist la dei lauvet i 2 kjervars breidde

ca. 150 cm. i eit lag. Så sette de spitûer = stauvar langs sidene som hindra kjervane i å sige på kvarandre, og tilslutt reiste dei gjerne dei trea lauvet var hogge av ikring for å hindre at dyra gjorde skade på det. Kjervane vart da lagt med toppen mot midten. Ein hadde gjerne litt granbar på toppen. Elles valde ein gjerne ut ei kvistrik og tett gran. Det var ikkje noko visst tal over kor mange kjervar det skulle vera i ei lauve. Lauv törka på den måten vart ofte beste lauvet. Sûrlauv = ûtkjent.




6. Lauvet köyrt heim om vintren.
7. Ja. Både karar og kvinnfolk tok del i arbeidet.
8. Heime blir lauvet haot i hus. Kû, sau og geit får lauv. I sjeldnare tilfelle og hestar. Ein gjev lauv ein eller to gonger om dogen. Ein kjerv vart her delt millom ein 2-3 kyr.
9. I rekkjefölgje: rogn, selje, björk, osp. or.
10. Nei.
11. Nei.
12-15. Nei.

B. Rakelauv.

1. Råkålauv. Mindre brukt enn kjervelauv.
2. Rive eller lime, eller båe delar
3. Helst ospelauv.
4. I sekker og korger.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1897

5. Nei, det var nokså jamt fordelt på kvinnfolk og karar, på born og vaksne.
6. I hus. På låven eller fjøstrevet.
7. Anten som søpe eller også ublanda.
8. Rakelauv var dårlegare for enn kjervelauv.
9. Her i bygda har rakelauv neppe vore sanka dei siste 30 åra, medan kjervelauv framleis er hogge til kvart år, men av færre og færre.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING